



Synfaring på grunn av klagar på forureining i sjø og støy frå Gomann Rognaldsen AS

Møtinnkalling	Britt Solheim	Referent	Britt Solheim
Møtedato	24.08.2017	Møtetid	10:00-13:00
Møtestad	Parkeringsplassen til Gomann Rognaldsen AS	Møteleiarar	Siril Sylta/ Britt Solheim
Deltakarar:	Naboar:	Finn Harald Hollevik Gerd og Svein Lindås Aase og Aleksander Wiederstrøm	
	Gomann Rognaldsen AS:	Tom Larsen Thomas Larsen	
	Lindås kommune:	Siril Therese Sylta Knut Espetveit	
	Fylkesmannen:	Sissel Storebø Britt Solheim	

Orientering før synfaringa:

Siril Therese Sylta frå Lindås kommune og Britt Solheim frå Fylkesmannen orienterte om bakgrunnen for synfaringa. Både Lindås kommune og Fylkesmannen har i lengre tid fått fleire klagar frå naboar til bedrifta Gomann Rognaldsen AS på støy og forureining i sjøen nedanfor bakeriet. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med verksemda 19. april 2017. Ut frå opplysningane frå leiinga om korleis bakeriet vert drifta, vurderte vi det som lite sannsynleg at utsleppa frå verksemda skulle føre til forureining av ein slik art som innsendte bilde frå naboane har vist.

Lindås kommune gjennomførte synfaring i 2016 på bakgrunn av naboklagar frå innbyggjarar ved Ådnevika. Gomann Rognaldsen AS orienterte om at dei har gjort fleire tiltak etter synfaringa, som å isolere frysemotorar med matter, både ute og inne, i tillegg til at nye dører er satt inn ved støyutsette område. Pumpekum for avløpsvatn er sikra med nytt deksel. Naboane er ikkje einige i at tiltaka har redusert støynivået i særleg grad. Miljøretta helsevern i

Lindås kommune har 8. mars 2017 gitt Gomann Rognaldsen AS pålegg om støykartlegging på bakgrunn av dette. Støymålingar er gjennomførte.

Verksemda har ikkje utsleppsløyve etter forureiningslova. Det er ikkje vanleg at bakeri som har utslepp til kommunalt avløpsnett er regulert etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Kommunen kan stille krav til verksemdar som har påslepp til offentleg avløpsnett når det er fatta vedtak om påsleppsavtale, jf. forureiningsforskrifta § 15 A. Lindås kommune har sendt varsel 20. juni 2017 om pålegg om oppgradering av feittavskiljaren til bedrifta. I samband med dette skal bedrifta gjere greie for utsleppsvolum, type utslepp og ulike utsleppspunkt.

Målet med synfaringa:

Det er viktig å få oversikt over forureininga i sjøen, og om det er utslepp frå bakeriet som er kjelde til forureining. Bedrifta kan gjennomføre tiltak om verksemda deira forureinar. Støymålingane vil vise om det skal gjennomførast tiltak for ytterlegare støyreduksjon.

Rute for synfaringa:

Vi såg på området nedanfor bakeriet ved sjøen. Deretter gjekk vi ei runde rundt heile bedrifta. Til slutt køyrde Siril Sylta, Sissel Storebø og Britt Solheim i båt i områda der forureininga blei sett tidlegare. Finn Harald Hollevik var båtførar og vegvisar.

Tema som blei diskuterte:

Støy:

Støymålingar er gjennomførte. Bedrifta mottok rapporten torsdag 24. august 2017 om ettermiddagen. Gomann Rognaldsen AS ynskjer ikkje å forureine, og vil gjennomføre fleire tiltak for å redusere støy om naudsynt.

Naboane peika på at når mjøltankane blir fylt opp, er støyproblema ekstra store. Dette skjer ca. ein gong i veka og varer i omlag i 20 minutt. Verksemda har tatt i bruk store tankar for at fylling ikkje skal skje for ofte. Fylling av mjøl skjer oftast på dagtid, men bedrifta kan ikkje sjølv velje når leveransane skal skje.

Utslepp til sjø:

Gomann Rognaldsen AS har utslepp av kjølevatn. Sjøvatn blir pumpa opp i tette røyr og går tilbake til sjøen ved sjølvfall. Vatnet er ikkje i kontakt med noko anna enn innsida av røyret. Vi såg luftbobler ved kjøletanken, sjå bilde 3. Bruk av kjøle-/frysetårnet skal fasast ut innan kort tid. Bedrifta vil dermed berre ha utslepp til kommunalt avløpsnett.

Vi såg også luftboblar rundt utsleppspunktet for kjølevatnet i sjøen. Vi kunne sjå litt «blue shine» i sjøen ved synfaringa, både nedanfor verksemda og på dei plassane som er vist på kart over prøvetakingspunkt, sjå side 5. Vi såg også tre røyr, på egedomen til bakeriet, med utslepp til sjø. Verksemda skal etter avtale med kommunen greie ut om desse utsleppa i eiga sak.

Ein av verksemda sine bilar blei vaska på egedomen under synfaringa. Dette er i følge bedrifta ikkje vanleg prosedyre, og det skal ikkje skje igjen. Bedrifta har åtte bilar som må vaskast innvendig kvar veke. Bilane blir vanlegvis vaska på vaskeplassar på bensinstasjonar.

Vidare arbeid:

Bedrifta vil saman med kommunen få oversikt over sine utslepp og om naudsynt gjennomføre tiltak for at bakeriet sine utslepp ikkje forureinar eller fører til at kommunalt avløpsnett blir skada.

Gomann Rognaldsen AS har sagt seg villig til å gjennomføre prøvetaking i dei tre punkta som kommunen har skissert i kart, for å finne ut om utsleppa kjem frå verksemda til bakeriet. Sjå kartet på side 5.

Lindås kommune ved Miljøretta helsevern skal vurdere støyforholda og sjå om det er behov for å gjennomføre nye støyreducerande tiltak på bakgrunn av støyrapporten.

Bilde tatt av Fylkesmannen 24. august 2017.




Bilde 1



Bilde 2



Bilde 3



Kart med prøvepunkt